

# Strategimøte om sidemålsstilen

**Tilskiparar: Noregs Mållag og Odda Mållag**

**Tidspunkt:** Fredag 02.12.16 frå 10.00 til 13.00

**Møtestad:** Flesland (Bergen), Clarion Hotel – eit steinkast frå inngangen til/utgangen på flyplassen

**Tidspunkt:** 10:00 til 13:00

Matbete m.m. før møtet byrjar

**Lunsj:** 11:30

Fint om me kan starta presist.

## **Program:**

Dagfinn Rødningen: Språkrådet sitt syn på sidemålsopplæringa med bakgrunn i retningsgjevande språkpolitiske dokument. 10 minutt

Tor Egil Furevikstrand: Retningsliner for sensurering av eksamensstilar på studiespesialiserande studieretning. Korleis skal vi tolke desse retningslinene? 10 minutt

Øyvind Indrebø: Framtida for nynorsken i Sogn og Fjordane om sidemålsstilen fell bort. Eit innlegg med eit norskfagleg perspektiv og eit scenarioperspektiv. 10 minutt

Hilde Gjester Hoel: Korleis me kan ta vare på nynorskelevane i skulen, og særleg i den vidaregåande skulen. (Gjester Hoel har ikkje høve til å delta, men ho vil lesa inn ei innleiing som me får høyra på møtet.) 10 minutt.

Asle Sætre: Målbyte kring Bergen og utfordringar for nynorskelevane i språkdelte område. 10 minutt

Knut O. Dale: Endringar i eksamensordningar og læreplanar: politiske krav. 10 minutt

Magne Aasbrenn: Noregs Mållag og sidemålsstilen. Kva er den beste strategien i møte med dei politiske partia? 10 minutt

## **Etter matøkt:**

Pål Kårbø: Kva vil henda med nynorsken på Vestlandet om sidemålsstilen vert avskaffa? 5 minutt

Gunhild Berge Stang: Korleis vil det gå med nynorsken i Sogn og Fjordane om sidemålsstilen fell bort? 5 minutt

Oppsummering: Veggen framover: strategitenking

Ordstyrar: Vagleik Brekke

## **Om innleiarane:**

Dagfinn Rødningen er rådgjevar i Språkrådet.

Magne Aasbrenn har vore norsklærer i den vidaregåande skulen i Fredrikstad og er no leiar i Noregs Mållag.

Tor Egil Furevikstrand er norsklærer på Dale vidaregåande skule i Fjaler i Sunnfjord. Han sit i nemnda som utformar eksamensoppgåver i norsk for program for studiespesialisering i den vidaregåande skulen. Sensor i norsk skriftleg.

Øyvind Indrebø er norsklærer på Firda vidaregåande skule på Sandane. Han har sete i nemnda som utformar eksamensoppgåver i norsk i den vidaregåande skulen. Sensor i norsk skriftleg.

Hilde Gjester Hoel er norsklærer på Odda vidaregåande skule. Ho har brei yrkesbakgrunn, m.a. som næringskonsulent og som rektor i den vidaregåande skulen.

Asle Sætre er norsklærer på Stend vidaregåande skule. Sensor i norsk skriftleg.

Knut O. Dale er norsklærer i den vidaregåande skulen. Han er leiar i Odda Mållag. Sensor i norsk skriftleg.

Pål Kårbø er fylkesvaraordfører i Hordaland.

Gunhild Berge Stang er ordfører i Fjaler kommune i Sogn og Fjordane.

Vagleik Brekke er informasjonsmedarbeidar i Fjell kommune. Han var i mange år redaktør for Kystradioen.

## **Andre møtedeltakarar:**

Peder Lofsnes Hauge – medlem i styret i Noregs Mållag

Astrid Olsen – leiar i Hordaland Mållag

Live Havro Bjørnstad – prosjektmedarbeidar (skrivar) i Hordaland Mållag

Arild Reigstad – medlem i styret i Hordaland Mållag og i skulemålsnemnda til Hordaland Mållag

Oddvar Skre – leiar i skulemålsnemnda i Hordaland Mållag

## **Korleis me kan ta vare på nynorskelevane i skulen, og særleg i den vidaregåande skulen**

Erfaringar frå nynorskopplæring i 3STA på Odda vgs 2016/2017

av Hilde Gjester Hoel

3STA har flest nynorskelevar. På Vg1 og Vg2 har undervisninga føregått på både nynorsk og bokmål. Eg, som lærar, har sjølv bokmål som målform og har nytta begge målformer i undervisninga. Prøvar og oppgåver har blitt gjevne på begge målformer, fagstoff har vore skriva på nynorsk, og på tavla har eg nytta bokmål.

Vi har jobba med nynorsk rettskriving i korte periodar både i 1. og 2. klasse.

Alle elevar i klassen meistrar bokmål betre enn nynorsk. Berre nokre få er sær gode nynorskbrukarar. I starten på Vg3 diskuterte vi korleis klassen kunne bli enno betre i nynorsk. Vi såg òg på svake eksamensresultat nasjonalt. Spesielt treng elevane øving på språkreglar og i å skriva godt nynorsk. Vi blei samde om å prøva noko nytt. I heile første termin skulle vi ha ekstra fokus på nynorsk. Klassen skal ha vurdering i januar både i hovudmål og sidemål. Klassen hadde ei vurderingsoppgåve på bokmål i oktober. Dei skal òg ha ei heildags eksamensoppgåve i bokmål 03.01.17. Dette skal danna grunnlaget for bokmålskarakteren. Alle andre oppgåver har vore på nynorsk. Vi har repetert reglar og terpa på dei. Alt på tavla og alle beskjedar er sjølv sagt på nynorsk. Eg har skriva alt fagstoff på nynorsk. Vi prøver å ha flest mogeleg nynorske tekstar. Eksamenstrening heildag har vore på nynorsk, og vi har hatt mange testar elles, nokre med og nokre utan karakter, men alle med framovermelding. Elevane ser at dei blir betre og betre. Eg som lærar har tunga beint i munnen når eg fører inn vurderingar i karakterprotokollen. Nynorskvurderingane er hovudmål for mange og sidemål for nokre få. I alt har 19 elevar nynorsk og 3 elevar bokmål

som hovudmål. Det er òg verdt å nemna at alle dei elevane som hadde nynorsk i grunnskulen, har halde fram med nynorsk i vidaregåande.

Vi har òg ein framandspråkleg elev i klassen. Han har bokmål og er friteken for nynorsk. Eg lagar eit spesielt tilrettelagt opplegg for han.

Klassen liker å ha fokus på berre éi målform – nynorsk – slik at dei ikkje blandar målformene. Dei skriv no betre nynorsk, og dei har færre feil. Dei er alle nøgde med ordninga, både nynorskelevane og bokmåselevane. Eg vil foreslå at vi held fram med ordninga i 2. termin og fram mot eksamen.

Elevane mine lærer når eg varierer undervisninga. Dei liker å læra på nye måtar og bli vurderte på nye måtar. Elevmedverknad er viktig for meg. Dei føler eit eigartilhøve til ordninga vi har praktisert i år. Nynorsk ligg tett opptil dialekten vår. Vi er alle i klassen glade i nynorsk og lærer noko nytt kvar dag.

## **Språkrådets syn på sidemålsopplæringa med bakgrunn i retningsgjevande språkpolitiske dokument**

av Dagfinn Rødningen

Då læreplanen i norsk sist vart revidert, i 2013, låg det føre framlegg frå Utdanningsdirektoratet som på fleire måtar la opp til å endre sidemålsopplæringa i skolen, inkludert vurderings- og eksamensordningane. Språkrådet uttala seg om framlegga i fleire brev i tillegg til i svaret på høyringa av læreplanen. Språkrådets syn på sidemålsopplæring og vurdering kjem tydeleg fram i desse dokumenta, og vart understreka på nytt i høyringssvaret til Ludvigsenutvalets rapport *Fremtidens skole – Fornyelse av fag og kompetanser* i fjor. I delutgreiinga utvalet kom med i 2014, peika dei på sidemålsopplæringa som ei av årsakene til stofftrenghelsen i norskfaget. Sjølv om dette ikkje vart teke opp att i hovudutgreiinga, er det grunn til å følgje godt med i den fagfornyinga som etter kvart skal skje i etterkant av Ludvigsen. Eg skal i dette innlegget gje ein kortversjon av korleis Språkrådet ser på sidemålsopplæring og sidemålsvurdering med utgangspunkt i den offisielle norske språkpolitikken.

**Dei overordna språkpolitiske styringsdokumenta vi har, er først og fremst desse:**

St. Meld nr. 35 (2007–2008) *Mål og meining. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk* (språkmeldinga)

St. Meld. Nr. 23 (2007–2008) *Språk bygger broer. Språkstimulering og språkopplæring for barn, unge og voksne* (språkopplæringsmeldinga)

Meldingane slår fast to sentrale prinsipp. Det skal vere reell jamstilling mellom målformene, og nynorsk skal styrkjast særskilt. Det siste følgjer av det første ettersom nynorsk reelt sett er eit minoritetsspråk i Noreg, og reell jamstilling krev dermed at nynorsken får eit særskilt vern. Dette synet kjem også fram i St. Meld. 48 (2002–2003) *Kulturpolitikk fram mot 2014* (kulturmeldinga), som vart lagt fram under Bondevik II-regjeringa.

Språkrådet legg til grunn at det er føringar i desse dokumenta som skal styre norsk språkpolitikk slik Stortinget har bestemt. Det vil mellom anna seie at alle praktisk-pedagogiske drøftingar og ordningar må forankrast i dei overordna språkpolitiske føringane som desse dokumenta slår fast. Eventuelle endringar i norskopplæringa i skolen skal vere i samsvar med dei overordna språkpolitiske føringane. Språkrådet har ved fleire tilfelle peika på kor viktige vurderings- og eksamensordningar i språkopplæringa er for å nå språkpolitiske målsettingar. Derfor er det særleg viktig at språkpolitiske perspektiv og problemstillingar blir presenterte, diskuterte og konsekvensutgreidde når ein vurderer å gjere noko med eksamensordningane.

#### **Viktige språkpolitiske føringar, særleg frå *Mål og mening*:**

«Språkpolitiske mål og tiltak må i større grad enn i dag integrerast innanfor all politikkkutforming der det er relevant» (*Mål og mening*)

«språkstyrkingsarbeidet [må] omfatta både norsk språk generelt og nynorsk spesielt» (*Mål og mening*)

«Det å styrkja nynorsk språk spesielt vil dessutan vera eit viktig bidrag til å styrkja norsk språk generelt» (*Mål og mening*)

«alle elever skal få en bred språkkompetanse som omfatter kompetanse i både bokmål og nynorsk» (*Språk bygger broer*)

«vi [må] halda fast ved og meir aktivt følgja opp eksisterande krav til bokmålsbrukarar om også å bidra til den nynorske tekstproduksjonen i samfunnet» (*Mål og mening*)

«det er viktig å sikra skuleelevar god opplæring i begge målformer, og sidemålsundervisninga må utviklast og utbetrast, ikkje reduserast» (*Mål og mening*)

«[det er] særleg viktig å sikra grunnlaget for ei god utvikling for nynorsken» (*Mål og mening*)

### **Språkrådet og sidemålsopplæring**

Språkrådet meiner at både statusen til, bruken av og skriveferdigheitene i det mindre brukte nasjonalspråket, nynorsk, er avhengig av ei sidemålsopplæring som fungerer. Noko av det slaget stod om ved den førre læreplanrevisjonen, var om kompetansekrava i sidemålet kunne senkast. Tanken var at det kunne frigjere tid og innsats som kunne brukast til å styrkje kompetansen i hovudmål, og skulle dermed også betre nynorskkompetansen til nynorskbrukarane og slik m.a. hindre at så mange nynorskelevar går over til å skrive bokmål. Påstanden om at ein blir betre i hovudmålet sitt dersom ein får mindre opplæring i sidemål, har ikkje støtte i forskning. Fleirtalet av elevane har bokmål som opplæringsmål, og derfor vil lågare kompetansekrav i sidemålet samla sett måtte føre til lågare nynorskkompetanse. Om ein på denne måten svekkjer statusen for nynorsk i samfunnet, kan det gjere det vanskelegare for dei som har nynorsk som hovudmål, og minske sjansane for at dei held fram med å skrive nynorsk. Jo lågare nynorskkompetansen til bokmålsbrukarane blir, jo høgare vil terskelen bli for at dei brukar nynorsk. Det vil i sin tur kunne bidra til å marginalisere nynorsk og nynorskbrukarar. Ein slik praksis vil dermed bryte med prinsippet om at målformene er jamstilte, og det bryt med prinsippet om at nynorsk skal styrkjast. I tillegg vil ei svekking av den samla nynorskkompetansen gjere det mindre realistisk å vente at tilsette i staten kan bruke begge målformene. Det kan også føre til lågare kompetanse i nynorsk ved inntak til lærarutdanningane, noko som i sin tur kan gjere det vanskelegare å utdanne lærarar som kan gje god nynorskundervisning i skolen over heile landet. Slik vil særleg nynorskbrukarane få svekka dei språklege rettane dei har etter mållova og opplæringslova. I tråd med gjeldande språkpolitikk meiner Språkrådet at betre og styrkt opplæring i skriftleg norsk er viktig for å fremje jamstillinga mellom nynorsk og bokmål i praksis. Då er det viktig å unngå tiltak som kan redusere krava til kompetanse i skriftleg nynorsk.

### **Språkrådet og vurdering**

Etter Språkrådets syn må også vurderingsordningane vurderast etter dei to prinsippa jamstilling mellom målformene og styrking av nynorsk. Kompetansen eleven har, både i bokmål og nynorsk, må gå fram av vitnemålet. Ved læreplanrevisjonen i 2013 låg det føre framlegg om å slå saman bokmål og nynorsk til éin skriftleg karakter i norsk, utan vekting mellom målformene. Det ville dermed ikkje ha kome fram kva for skriftlege ferdigheiter eleven har i kvar målform. Språkrådet var skeptisk til dette, også fordi det kan tenkjast at sidemålsopplæringa vil bli svekt når resultatet ikkje kan lesast av i form av ein spesifikk karakter i sidemålet. Vidare veit vi frå ein del forskning at eksamen og nasjonale prøver gjerne styrer opplæringa. Språkrådet gjekk derfor inn for at det skal vere obligatorisk eksamen i begge målformene etter Vg3, etter same resonnementet som gjaldt standpunkt karakterane.

Eventuelle endringar i vurderingsformene for skriftleg kompetanse i norsk må vurderast opp mot kva dei får å seie for dei overordna måla i den norske språkpolitikken. Endringar skal bidra til reell jamstilling mellom målformene og styrkje nynorsken, ikkje svekkje han. Det er vanskeleg å sjå at dette blir oppfylt gjennom å usynleggjere nynorskkompetansen i ein felles standpunktkarakter eller ved å fjerne skriftleg eksamen i sidemål, som for dei fleste vil seie synleggjort prøving og vurdering av den skriftlege kompetansen deira i nynorsk.

## **Endringar i eksamensordningar og læreplanar: krav til politikarane**

av Knut O. Dale

31. januar i 1973 kjøpte eg boka *Striden kring sidemålsstilen* av Kjell Haugland. Boka fortel om korleis sidemålsstilen vart innført. I boka les me: «Om føremiddagen 23. april byrja ordskiftet om obligatorisk landsmålsprøve til studenteksamen, og det kom til å strekkja seg over tre dagar. Kring tredjeparten av tingmennene og kyrkjeministeren hadde ordet.»

I dag, 110 år seinare, er sidemålsstilen truga. Skal me tru Bergens Tidende, vil programkomiteen Høgre fjerna kravet om opplæring i sidemål både i grunnskulen og i den vidaregåande skulen. I dei gjeldande partiprogramma til Høgre og Framstegspartiet står det at sidemålsstilen skal gjerast valfri. Slik eg ser det, vil det å gjera sidemålsstilen valfri langt på veg tyda det same som å fjerna sidemålsstilen.

Men alt er ikkje berre bra i dag heller. For 7 år sidan, i 2009, vart eksamen i sidemål gjort til eit trekkfag. Slik eg oppfatta det, var det eit departementalt vedtak, dvs. ei forskriftsendring gjort av SV-statsråden i Kunnskapsdepartementet.

Dette meiner Noregs Mållag var feil, og på ulike landsmøte, seinast i Bergen i 2016, vart det stilt krav om at den gamle ordninga med to skriftlege eksamensstilar på to ulike dagar må koma attende. Den eine stilen skal skrivast på hovudmål og den andre på sidemål, men dei faglege krava skal vera dei same. Dette gjeld òg for alle elevane som skaffar seg studiekompetanse, anten dei har valt eit vanleg treårig laup på studiespesialiserande studieretning eller har gjennomført eit påbyggingsår etter at dei fyrst har skaffa seg ei yrkesfagleg utdanning.

Men no går altså Høgre eit steg vidare og vil fjerna heile sidemålet og dermed sidemåls eksamen. Korleis undervisinga skal gjennomførast i språkdelte område, har programkomiteen truleg ikkje tenkt igjennom.

Men biletet er ikkje berre negativt. Det er ulike straumdrag innanfor dei ulike politiske partia, også i Høgre.

23. november i år, i ordskiftet om språkdelte ungdomskular, sa stortingsrepresentant Norunn Tveiten Benestad frå Høgre i Vest-Agder m.a.:

«Språket er en viktig del av vår identitet.» Vidare seier ho: »Det er også et overordnet mål i den norske språkpolitikken å sikre de norske skriftspråkene, bokmål og nynorsk, posisjon som fullverdige og samfunnsbærende språk.»

Ein føresetnad for å sikra nynorsk status som eit fullverdig og samfunnsberande språk er at alle får opplæring i nynorsk, m.a.o. at elevane får standpunkt- og eksamenskarakterar både i hovudmål og sidemål.

Eit fag utan eigen karakter har ingen status. Det finst heller ikkje noko fag som berre har standpunktkarakter i skriftleg, og i norsk sidemål må det sjølvstøtt vera teljande eksamenskarakter og standpunktkarakter. Det finst gode argument for å få tilbake den gamle ordninga. Det vil t.d. ikkje verta fleire karakterar i norskfaget samanlikna med andre fag. Engelsk har éin time meir i det treårige laupet, men der er det fem teljande standpunktkarakterar mot tre i norsk. Sjølv om engelsk ikkje er obligatorisk eksamensfag slik som norsk hovudmål, vil dei elevane som har eit treårig laup i engelsk, jamt over ha minst seks teljande karakterar på vitnemålet. Det same kan norskelevane få om dei kjem opp til eksamen etter den gamle ordninga og i tillegg vert prøvde i norsk munnleg.

Frå ein nynorsksynsstad er det viktig å få slutt på ordninga med sidemålet som trekkfag. Halvparten av nynorskelevane byter skriftspråk i den vidaregåande skulen. Svært ofte er det eit taktisk målbyte fordi nynorskelevane opplever at dei meistarar bokmål betre enn nynorsk. For mange vil dette dra med seg skifte av språkleg identitet, trass i at Tveiten Benestad seier at språket er ein viktig del av identiteten vår. Kanskje me kan seia at utsiktene til å få betre norskkarakterar med eit målbyte overstyrer den språkleg tilhøyrsla.

Som me har høyrte, er krava i hovudmål og sidemål dei same, men samstundes vert det sagt – i retningslinene for karakterfastsetjing – at det er rimeleg at eksamenskandidatane meistarar hovudmålet betre enn sidemålet. Men det er ikkje tilfelle for dei fleste nynorskelevane, og det seier eg som har vore sensor i norsk skriftleg 28 gonger og som har sensurert kring 6 000 eksamensstilar. Og det same har eg lagt merke til hjå egne elevar: Nynorskelevane meistarar jamt over bokmålet betre enn nynorsk.

Den noverande ordninga er ei ulempe for nynorskelevane. Me må difor få tilbake den gamle ordninga med to jamstelte og obligatoriske eksamensstilar. Då vil det langt på veg vera ein fordel å ha nynorsk som hovudmål, og det vil òg vera ein fordel for elevane å byrja med nynorsk i fyrste klasse i grunnskulen.



Det må heller ikkje verta slik at sidemålet skal avsluttast 2. året og med lågare krav i sidemål enn i hovudmål. Dette kravde Utdanningsforbundet for nokre år sidan. Eg snakka med Ove Eide for eit par år sidan, og jamvel på Firda vidaregåande skule på Sandane meinte han at elevane skreiv rettare på bokmål enn på nynorsk. Om framlegget til Utdanningsforbundet hadde fått gjennomslag, er det mykje som tyder på at elevane på Sandane ville ha valt bokmål som hovudmål. I desse sjakktidene vil framlegget frå Utdanningsforbundet vera eit svært dårleg trekk. Og eit trekk som vil verka særst uheldig for nynorskelevane.

Andre framlegg til karakter- og eksamensordningar for norskfaget vil nok òg dukka opp. Men då vert det viktig å krevja at nynorsk skal vera eit eige eksamensfag, anten det er eit sidemålssvar eller eit hovudmålssvar.

På yrkesfag får ikkje elevane opplæring på sidemålet korkje i 1. eller 2. klasse. Då vil det lett føra til at undervisinga i nynorsk vert forsømd, og særleg gjeld det i målblanda område. Eg meiner difor at sidemålsundervising må verta obligatorisk på yrkesfag, og at halvparten av det skriftlege eksamenssvaret skal vera på sidemålet. Dermed vil alle dei elevane som tek eit tredje påbyggingsår som gjev studiekompetanse, få ei vedvarande og dermed ubroten opplæring på sidemålet.

Det som står på dagsorden i dag, er fyrst og fremst sidemålet sin plass i den vidaregåande skulen. Det gledde meg å høyra og lesa innlegget til Norunn Tveiten Benestad. Det vitnar om innsikt og vidsyn også mellom høgrefolk. Me byrja forresten å studera sosialantropologi samstundes i Bergen, og elles har ho historie og norsk i cand.philol.-utdanninga si. Jamvel Torbjørn Røe Isaksen sa i debatten om språkdelt klassar på ungdomskulen: «Læreplanen og kompetansemålene er utformet uavhengig av hvilken hovedmålform eleven har, og elevane skal lære å lese og skrive på både bokmål og nynorsk.»

Røe Isaksen er òg oppteken av målbyte, og i ordskiftet om Odda-modellen sa han m.a.: «Jeg tror representanten (Kjersti Toppe) har helt rett i at den aller viktigste problemstillingen er målbytte.»

Og når me veit at målbytet er endå større i den vidaregåande skulen enn i grunnskulen, er dette gode og lystelege tonar frå statsråden i Kunnskapsdepartementet.

Når målet er å hindra målbyte, er det viktigaste tiltaket å venda attende til den gamle eksamensordninga, og dessutan å halda fram med sidemålet på yrkesfag. Då vil karakteren – som no har vorte berre éin – vera samansett av éin munnleg del og to skriftlege delar. Dette vil nok krevja endring av læreplanen, medan ny eksamensordning vil krevja ei forskriftsendring.

Nokon vil seia at sidemålsopplæringa eller nynorskopplæringa må starta tidlegare, ja, alt i barnehagen. Og det er eg heilt einig i, for i barnehagane er det viktig med opplesing og songar på nynorsk over heile landet, og særleg i nynorskområda.

Det er viktig at den oppvekslande slekta vert kjende med nynorsk i ung alder: i barnehagane og på barnesteget i grunnskulen. Men dette må vera ein del av opplæringa som fører fram til nynorskkompetanse i eit språkdelt samfunn.

Om sidemålet vert fjerna, vil det vera ein fylgjefeil som går bakover, meir som dominobrikker som byrjar å falla bakover og ikkje framover, omtrent som klokka gjekk i feil retning. Me kan lett enda opp med eit samfunn der nynorsk vert gjort meir eller mindre usynleg. Det vil i alle fall vera lettare å argumentera for nynorsk i barnehagane og i barneskulen om ein kan sjå nytten i andre enden av utdanningslauget: M.a.o. at sidemålsopplæringa fører fram til ein jamstelt sidemålsksamen.

Og så eit hjartesukk: Ein elev som var ferdig med vidaregåande, fortalde meg at så godt som all undervising var på bokmål, sjølv om eleven gjekk på ein nynorskskule. Korkje på ungdomskulen eller i den vidaregåande skulen kan undervisningsspråket vera ei privatsak for lærarane.

Ei oppsummering:

1: Sidemålsopplæringa må halda fram.

2: Ordninga med to jamstelte eksamensstilar, éin i hovudmål og éin i sidemål, må koma attende. Stilane må vera på to ulike eksamensdagar tredje året på studiespesialiserande programområde. Sameleis må det vera for dei som tek eit tredje påbyggingsår etter at dei har teke ei toårig yrkesutdanning.

3: Sidemålsundervisinga må halda fram i den toårige yrkesutdanninga. Og for dei elevane som vert trekte ut i norsk skriftleg, må dei prøvast i to likeverdige skriftlege delar. Den eine delen skal skrivast på hovudmålet, og den andre delen skal skrivast på sidemålet.

Eg trur det er rett å seia: Ryk sidemålsstilen, raknar det for nynorsk som eit allment, jamstelt og offisielt samfunnsberande skriftspråk. Ja, eg meiner det vil vera slik, og difor er saka så viktig.

Skal politikarane gjera ei så drastisk endring, må mållaget og politikarane i nynorskområda gjeva denne saka svært høg prioritet. I alle fall må det vera slik i mållaget. Hugs at tingmennene drøfta saka i tre samanhengande dagar då dei innførte sidemålsstilen i 1907.

## **Målbyte i bynære skular**

Målbyte kring Bergen og utfordringar for nynorskelevane i språkdelte område

av Asle Sætre

Ein ser i stadig aukande grad at elevar som har hatt nynorsk som hovudmål i grunnskulen, byter målform når dei byrjar på vidaregåande. Dette er ikkje berre eit problem der nynorsk ikkje har ei særstilling, men også i fleire av dei såkalla kjerneområda. I Hordaland har nynorsk tradisjonelt vore det føretrekte hovudmålet, med sjølvsegte unnatak som Bergen og Askøy.

Eg har spurt elevar frå Stend vidaregåande skule (Bergen) om kva hovudmål dei hadde i grunnskulen og kva dei har no, og eg har bede norsklærarane på Os vidaregåande skule (Os) om å samle inn tal frå sin skule. Vidare har eg stilt oppfølgingsspørsmål til elevane som har bytt målform på begge skulane.

Ikkje overraskande viser tal frå Stend vidaregåande skule at det er få elevar som har hatt nynorsk som hovudmål. Av avgangselevane er det i snitt éin av tre som byter målform frå nynorsk til bokmål. Dei elevane som held på hovudmålet sitt, kjem typisk frå Hardanger, Os og Nordhordland.

Tala frå Os vidaregåande skule er derimot meir overraskande og, vil nokon seie, dystre. I 2012 var det 82 % av elevane som hadde nynorsk som skulemål i denne kommunen.<sup>1</sup> Tala viser at situasjonen på mange måtar er snudd på hovudet når ein ser på avgangselevane. Ved Os vidaregåande skule er det to påbyggklassar. I den eine klassen er det 27 elevar. To av desse har nynorsk som hovudmål, resten av dei har bytt frå nynorsk til bokmål. Tilsvarande er det 23 elevar i den andre påbyggklassen. Tre av desse har alltid hatt bokmål som hovudmål, resten av dei har bytt frå nynorsk til bokmål. Dette er dramatiske tal. Når høvesvis 93 og 100 % av elevane byter målform, er det noko som har gått alvorleg gale på vegen.

Kva er så årsakene til dette? Ifølgje PROBA Samfunnsanalyse si undersøking om målbyte frå 2014<sup>2</sup> er biletet samansett. Dei som byter, forklarar dette mellom anna med at samfunnet rundt dei er bokmålsdominert, at det er vanskeleg å skilje mellom nynorsk og dialekt, og at det er lettare å skrive på bokmål. Dei som held på nynorsk som hovudmål, gjer det hovudsakeleg av sentimentale årsaker, som identitet og tradisjon. Elevane eg har snakka med på dei respektive skulane, seier mykje av det same: Det er lettare å skrive bokmål, og den nynorske grammatikken er «vanskeleg». Ein elev seier, interessant nok, at ein blir ein «outcast» om ein nyttar nynorsk i sosiale medium. Nynorsk er altså oppfatta som komplisert og har låg status blant fleire av dei unge i Bergen og Os.

Dei som held på målet sitt, seier også mykje av det same som kom fram i undersøkinga frå 2014: Dei er redde for at nynorsk skal «døy ut», at nynorsk er «finare» enn bokmål, og at dei

---

<sup>1</sup> [https://nn.wikipedia.org/wiki/Skulem%C3%A5l\\_i\\_Hordaland\\_og\\_Bergen](https://nn.wikipedia.org/wiki/Skulem%C3%A5l_i_Hordaland_og_Bergen)

<sup>2</sup> <http://www.nynorsksenteret.no/img/nsfno/Probarapport-2014-07.pdf>

vil halde på målforma nettopp fordi det er så mange som vel henne vekk. Ein elev seier det var vanskeleg å halde fram med nynorsk som hovudmål på vidaregåande fordi så å seie all undervising føregjekk på bokmål. Det er også ein interessant og urovekkande påstand.

Det er fleire grep ein kan ta for å snu denne utviklinga. Nynorsk må få auka status i kjerneområda, og ein må bli kvitt myta om at målforma er vanskeleg. Her har lærarane på ungdomsskular og vidaregåande skular eit særleg ansvar. Nynorsk må vere meir tydeleg i undervisinga, også på yrkesfagleg nivå, og kompetansen til lærarane må bli høgare. Ein kan og bør, som ressursgruppa for nynorsk som hovudmål seier, få nynorskperspektivet «... tydelegare inn i lærarutdanningane på alle nivå, både grunn-, etter- og vidareutdanningane».<sup>3</sup> Eg har ofte måtte lære elevar frå Bergen (og Os!) av med feil som dei har med seg frå ungdomsskulen.

Sjølv nyttar eg berre nynorsk som undervisings- og kommunikasjonsspråk frå VG1 (yrkesfag) til VG3 (påbygging til generell studiekompetanse). Eg meiner dette normaliserer forholdet elevane har til målforma og gjer dei meir språkleg medvitne. Påbyggingselevane mine blir også oppmoda til å skrive alle notat og kortare tekstar på nynorsk, både dei som har nynorsk som hovudmål og som sidemål. Om det ikkje aukar statusen, fører det i alle høve til ei normalisering og ei avmystifisering, og som ein hyggjeleg bonus er det låg strykprosent på sidemålsksamnen.

## **Framtida for nynorsken i Sogn og Fjordane**

### **om sidemålsstilen fell bort**

av Øyvind Indrebø

Korleis skal ein redde sidemålsstilen i den vidaregåande skulen? Eller rettare sagt: Korleis skal ein sikre seg at det framleis skal undervisast i begge målformene både på ungdomsskulen og i vidaregåande skule, og at kvaliteten skal tryggjast på to måtar: ved at elevane skal ha standpunktkarakter i begge målformene, og ved at dei skal ha eksamenskarakter i begge målformene?

Sjølvsagt snakkar vi her om nynorsken si framtid, og om korleis språket vårt skal vere levedyktig og ha livets rett også i framtida.

Som fleire allereie har vore inne på: Nynorsken vert pressa frå fleire kantar. Personleg er eg overtydd om at nynorsken vil overleve, men språket vårt er sett under eit press som vi ikkje

---

<sup>3</sup> <https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/KD/RapportNynorskHovudmaal.pdf>

har opplevd maken til før. I kor stor grad sidemålsundervisning og eksamen med karakter vil redde nynorsken, er eg usikker på.

Viss vi ser på fakta, er det i dag 6,4 prosent av elevane i vidaregåande skule som er oppe til eksamen i nynorsk som hovudmål innanfor dei studieførebuande retningane. Det er eit skremmande lite tal, og det vert forsterka av at elevar i randkommunar i aukande grad går over frå nynorsk til bokmål i vidaregåande skule. Kommunane i Valdres og rundt Bergen er slike. Derimot ser vi at nynorsken held stand i eit kjerneområde som Sogn og Fjordane. 300 av 13 600 elevar i grunnskulen i Sogn og Fjordane skriv bokmål. I vidaregåande er det ikkje overgang til bokmål. Liknande tal reknar eg med vi finn i delar av Hordaland, i utkantane i Rogaland og Søre Sunnmøre, og i ein del grensetrakter mellom Vestlandet og Austlandet/Sørlandet. Legg merke til at vi her snakkar om område som er tynt folkesette. Elles står det ikkje så sprekt til.

Talet 6,4 er problematisk, særleg når vi snur det på hovudet. Det vil seie at 93,6 prosent av alle elevar skriv nynorsk som sidemål til eksamen. Desse kjem i aukande grad frå urbaniserte område, særleg i folkerike område rundt Oslofjorden. Vi veit kva haldning ein stor del av desse har til nynorsk, og det lovar ikkje bra. Motstanden mot nynorsk er aukande. Det ser også ut som om det i vide krinsar er stovereint å snakke nedsetjande om nynorsken. Unge Høgre har vore håplause i fleire tiår. Tidlegare var Høgre eit verdikonservativt parti med mykje danna folk høgt oppe i partiet. Eg ser ikkje lenger på Høgre som eit slikt parti, og når tankane til Unge Høgre òg etter kvart kjem til å få gjennomslag i det økonomisk-liberalistiske Høgre, fell ein ny skanse. Kva då? Eg trur tida talar mot oss viss vi ikkje klarer å tenkje nytt eller overtyde på andre måtar enn vi har gjort til no. Vi kan redde sidemålsstilen på kort sikt, men for alle som ikkje vel å gøyme hovudet i sanden, stiller ein seg spørsmålet om kor lenge ein vil klare å halde stand.

To spørsmål må stillast: Viss ein skal berge sidemålet som eit likeverdige fag med hovudmålet, kva endringar må vi då gjere? Og: Korleis kan vi arbeide aktivt for å styrke nynorsken på andre område?

For å svare på det siste først: Det har aldri vore tala så mykje normalisert nynorsk og nynorsknære dialektar på TV og i radio som no. Likeeins ser vi at Klassekampen, Bergens Tidende og fleire andre aviser nyttar ein god del nynorsk. I akademiske krinsar blir det gjeve ut mykje faglitteratur på nynorsk. Svært mange lokalaviser er på nynorsk. Likeeins ser vi at mykje nynorsk skjønnlitteratur (ut frå opplagstala) også blir lese av mange bokmålsbrukarar. Samanslutnaden av nynorskkommunar er stor. På mange område er altså nynorsken i medvind. Gode krefter vil nok sørge for at dette vil halde fram og forsterke seg (uavhengig av sidemålsstilen).

Men det som etter mitt syn verkeleg vil sikre framtida for nynorsken, vil vere ein slagkraftig Vestlandsregion som vel dette språket som administrasjonsspråk. Ein vestlandsregion vil verte ein av dei mest moderne regionane i Europa på svært mange område. Statusen til ein slik region vil sjølvstake auke statusen til nynorsken i mykje større grad enn nokon annan

enkeltfaktor. Og uavhengig av resten av landet vil ein slik region med nynorsk som hovudmål sikre språket vårt også frå økonomisk-liberalistiske marknadskrefter, som ser på to språk som ein ekstra utidig utgiftspost.

For å summere opp så langt: Mange piler peikar oppover for nynorsken, på same tid som språket er under press. Dette skjer på to område: Talet på elevar som nyttar nynorsk går ned, og presset for å få fjerna sidemåleksamnen aukar monaleg.

Då er det på tide å forsøke å gje eit svar på det første spørsmålet, og det som først og fremst står på agendaen i dag: Korleis behalde sidemåleksamnen i ungdomsskulen og den vidaregåande skulen?

Eg vil kome med nokre «kvalifiserte syensingar» om dette, og avslutte dette foredraget med desse punkta.

Det er etter kvart ei utbreidd oppfatning at elevar som meistrar to gjensidig forstålege språk, blir betre i dei begge, og at dei vert meir reflekterte rundt språkbruken sin. Det blir òg forska på om dette har positiv innverknad reint kognitivt på elevane. Til dømes skårar elevar i Sogn og Fjordane langt over landsgjennomsnittet i dei fleste fag etter tre år med vidaregåande utdanning. I ei rekkje fag er dei nummer éin. På same tid er elevane frå Sogn og Fjordane tospråklege, dei er klart best i landet på sidemålet sitt. Kan desse resultatane ha samanheng? I desse dagar er det sett i gang forskingsprosjekt som prøver å kaste lys over dette. Dette er tankar som må fremjast, og då kan vi snakke om ein fornuftsbasert argumentasjon for å halde på sidemålet, ikkje berre ein kjenslebasert (mange avfeiar tradisjon, kultur og språkhistorie nettopp som kjenslebaserte argument, utruleg nok).

Hovudargumentet mitt blir at ved å vere god i begge språka blir du òg betre i hovudmålet ditt enn kva du ville ha blitt om du berre nytta dét. Eg vil gje nokre døme: Eg høyrde på eit kurs for eit par år sidan om ein lærar i Stavanger som nytta begge målformene i samfunnsfagsundervisninga si. Ved å bruke omgrep frå nynorsk og bokmål vart elevane meir reflekterte og fekk auka kunnskap. Eitt døme var «myndighetene» på bokmål. Når ho henta fram «styresmaktene» frå nynorsk, kunne elevane reflektere breitt rundt *mynde*, *myndighet*, *styre*, *makt*, *makt til å styre*, *myndighet til å styre*. Altså eit breiare refleksjonsgrunnlag. Slik kan ein nemne ordpar etter ordpar, i fagområde etter fagområde. Kan det vere at elevar som er gode i begge språk, heile tida pendlar mellom slike ulike uttrykksmåtar/omgrep, både medvite og umedvite? Kan det utvikle dei kognitive evnene? Eg trur det.

Og enno har vi berre snakka om ordnivå. Strukturane i dei to målformene er òg noko ulike, og dei kan verke utfyllande og positivt inn på kvarandre.

Og heilt til slutt: Mange bokmålelevar synest mange nynorskord ser og hørest rare ut. Vi har ein jobb å gjere med å vise kor feil dei tar. Dei ler av *fridom* heilt til du skriv *freedom* på tavla. Dei ler av *kjensle* og *lagnad* heilt til du fortel at det er 9 000 000 svenskar som brukar desse orda. Dei ler av ordet *ilt* heilt til læraren viser dei slektskapen med ordet *ill*, og så vidare og så vidare.

Dette vart nokre lause tankar – men eit forsøk på å leite etter gode argument for å halde på sidemålsstilen. Vi treng lange idédugnader for å gjere denne lista lengre, og vi er nøydde til å tenkje nytt.

## **Retningsliner for sensurering av eksamensstilar på studiespesialiserande studieretning. Korleis skal vi tolke desse retningslinene?**

av Tor Egil Furevikstrand

Retningsliner for sensurering av eksamenssvar på studiespesialiserande studieretning. Korleis skal vi tolke desse retningslinene? Eg skular til dagen i ein del av landet der sidemål er bokmål. Bokmålet har likevel høg status, og eg registrerer ikkje negative haldningar til sidemålet i særleg grad. Likevel er posisjonen til nynorsk sterk, og for mange elevar er nynorsk eit heidersord. Språket er tett kopla til dialekten og identiteten deira. Likevel opplever eg at mange elevar synest at nynorsk, som hovudmål, er vanskeleg. Dei slit særleg med det nynorske formverket. Det gjer dei ikkje i same grad med formverket i bokmål. Dermed oppstår ofte den underlege situasjonen at mange elevar i Sogn og Fjordane meistrar dei formelle sidene ved språket betre på sidemål enn på hovudmål. Det betyr at mange elevar skriv nesten feilfritt sidemål, altså bokmål. Denne situasjonen står i kontrast til andre delar av landet der sidemålet er nynorsk. Her har mange elevar vanskar med å lære seg både nynorsk formverk, ortografi og ordval. Men det er i dette spennet vi skal finne ei rimeleg vurdering av eksamen i sidemål. I utgangspunktet kan ein setje likskapsteikn mellom hovudmål og sidemål. Det er snakk om éin læreplan, likeverdige eksamenar og same vurderingsskjema. Men det er eit poeng at i skriveopplæringa nyttar læreplanen termene «hovudmål» og «sidemål», ikkje «bokmål» og «nynorsk». Elevane skal «skrive kreative, informative og resonnerende tekster, litterære tolkningar og retoriske analyser på hovudmål og sidemål med utgangspunkt i norskfaglige tekster». Men viss ordet «sidemål» skal ha noko meining, må det tyde at ein ikkje skal meistre det jamgodt med hovudmålet. I eksamensrettleiinga står fylgjande presisering: «Når det gjeld underpunktet om språk og formelle ferdigheiter, kan sensorane likevel vente at elevane meistrar hovudmålet sitt noko betre enn sidemålet.» Dette underpunktet handlar blant anna om formverk og ortografi. Så kva betyr det at elevane meistar hovudmålet sitt noko betre enn sidemålet? Det som er heilt klart, er at elevar med bokmål som sidemål og som meistar sidemålet sitt noko betre enn hovudmålet, må få uttelling for det. Dette gjeld særleg for Vestlandet, og dette er ein praksis som Udir har mint sensorane om på sensorskuleringane, og vi ser av eksamensresultata, til dømes i Sogn og Fjordane, at elevar får gode eksamensresultat i sidemål. Men kva med alle

dei andre elevane som meistar bokmål som hovudmål noko betre (og kanskje: langt betre) enn nynorsk som sidemål? Kva ligg det i føringa «noko betre»? Det som er heilt sikkert, er at vi ikkje ynskjer at sensorar skal telje kor mange feil det er i ein tekst eller ha språklege kjepphestar. Det har vi kome bort frå. Like fullt høyrer vi eit ynske om å kvantifisere kva som ligg i «noko betre», og det er sjølv sagt uråd å gje eit heilt presist svar. Det som i praksis skjer, er at førsensuren gjev nokre retningslinjer for korleis sensorane skal vektleggje språklege manglar i sidemålstekstar. Her er det sensorar frå alle regionar som vert samde om kva som er ei fornuftig vektning med utgangspunkt i nokre utvalde elevtekstar. Røynsler frå sensorskuleringane dei siste åra syner at denne lina ofte samsvarar godt med det sensorcorpset elles i landet meiner, sjølv om nokre sensorar, særleg frå Vestlandet, ynskjer ei noko strengare line. Her diskuterer vi ofte kva som ligg i å «meistre», «stort sett meistre» og «til ein viss grad meistre» formverket. I praksis vert vektinga slik: I hovudmålstekstar tillèt vi få bøyingsfeil, medan ein på sidemål aksepterer nokre fleire bøyingsfeil. Det betyr at det er fullt mogeleg å få karakteren 5 til sidemålseksamen, sjølv om ein berre «stort sett meistarar» formverket. Sidemålseksamenen er ikkje ei rein «skriveprøve», og sensorane skal sjølv sagt leggje vekt på fleire sider ved svaret enn berre formverket. Men her skjer det eit interessant møte, nemleg omsynet til ei rettferdig vurdering på den eine sida og omsynet til språket, altså nynorsk, på den andre. På den eine sida skal vi sikre rettferdig vurdering av sidemålseksamen, og på den andre sida skal vi stille krav til språkleg meistring i nynorsk. Vi er glade i det nynorske språket, og vi vil at elevar skal meistre det godt. Men dess strengare krav ein stiller, dess fleire elevar vil stryke. All røynsle tilseier det. Viss vi vektar omsynet til nynorsken ein del tyngre enn vi gjer i dag, vil vi kunne få ein langt høgare strykprosent. Og spørsmålet er jo om ikkje det vil auke presset for å fjerne sidemålet heller enn å styrkje nynorskopplæringa. Norskfaget skal reviderast på ny. Det veit vi. Men kva som skjer med eksamensordninga i framtida, veit vi ikkje. Kva som skjer med sidemålet, veit vi heller ikkje. Likevel er slike møte viktige for å mobilisere eit engasjement for nynorsken, så lenge vi er opne for å diskutere dei forslaga som eventuelt kjem. Det er nemleg ikkje sikkert at status quo er den beste løysinga.

## **Korleis vil det gå med nynorsken i Sogn og Fjordane om sidemålsstilen fell bort?**

av Gunhild Berge Stang

Først av alt, tusen tak for invitasjonen til dette strategimøtet om sidemålsstilen. Dette er eit prisverdig initiativ. Sidemålsordninga i skulen er konstant under press, frå ulikt hald. Det er tidvis svært frustrerande å alltid vere i forsvarsposisjon, når sidemålsopplæringa tvert om fortener eit løft. For meg er det enkelt: Sidemålsopplæring skal vere obligatorisk. Elevane må bli prøvde i både nynorsk og bokmål, og kompetansen deira må synleggjerast på vitnemålet.



Berre slik sikrar vi reell likestilling mellom språka. Eit sidemålsløft bør inkludere tidlegare start: Her har vi mykje god forskning på vår side. Og vi bør styrke sidemålsdidaktikken i lærarutdanninga. Diverre er det mange lærarar som ikkje har tilstrekkeleg kompetanse til å undervise i nynorsk. Slik kan vi ikkje ha det.

\*\*\*

Eg trur vi kan kome dit at ordninga blir styrka. Kanskje er det nettopp vi som har vind i segla. Nynorsk-debatten har herja på Vestlandet den siste tida, og har dominert debatten om fylkessamanslåing. For kvart ordskifte må vi tru kunnskapsnivået om og haldningane til språket aukar.

Utan obligatorisk sidemålsopplæring og språkkrav i det offentlege vil nynorsken tape terreng. For meg handlar ikkje dette om tvang – det handlar om fridom. Det handlar om språkleg fridom og mindretalsvern.

Nynorsk er fint i dikt, blir det sagt. Det er sant. Men nynorsk er ikkje berre fint i dikt. Nynorsk kan ikkje reduserast til berre eit språkleg verkemiddel i lyrikk og poesi. Nynorsk er eit moderne og praktisk bruksspråk som passar overalt – og til alt slags bruk. Ein føresetnad for dette er at vi forsvarar – og styrkar – sidemålsordninga i skulen.

«Korleis vil det gå med nynorsken i Sogn og Fjordane om sidemålsstilen vert avskaffa?» spør arrangørane. Det er eit godt spørsmål.

**På kort sikt** er det ikkje elevane i Sogn og Fjordane som taper mest. Hos oss er det bokmålet som er sidemål, og bokmålet møter vi alle, kvar dag, uansett. Når det er sagt, har nynorskelevar like stor rett til opplæring og vurdering i bokmål.

**På lengre sikt** er det klart at dette vil ha store konsekvensar både for nynorskelevar frå Sogn og Fjordane – og for nynorsken i Sogn og Fjordane.

Kva vil skje om nynorsken taper terreng i dei områda der store offentlege arbeidsplassar er lokaliserte – og som vi kommuniserer med? Det mindre brukte språket vil tape. Alltid.

Dersom ikkje alle elevar i heile landet får opplæring i både bokmål og nynorsk, vil eit fylke som Sogn og Fjordane få alvorlege problem med å rekruttere menneske utanfor fylket til arbeidsplassar i fylket vårt. Vi vil ikkje kunne tilsette lærarar i skulen vår som ikkje sjølv har hatt nynorsk som hovudmål. Ein lærar som ikkje meistrer språket til elevane, vil føre til større press på både nynorskelevane og nynorsken i seg sjølv. I Sogn og Fjordane flytter dei aller fleste skuleflinke ungdomane våre ut av fylket for å ta høgare utdanning eller arbeide.

Somme kjem heldigvis tilbake, somme blir verande vekke. Det vil ikkje vere enkelt å halde på språket sitt der dei reiser om ikkje det er høve til å bruke det.

Dette er berre nokre døme på konsekvensar. Dette handlar ikkje om «opplæring i eit meiningslaust språk, som er fint i dikt, men som alle forstår», slik nynorskmotstandarar gjerne hevdar. Sidemålsopplæring er ein berebjelke i den norske skriftspråktradisjonen vår. Svekker vi sidemålsordninga, svekker vi den overordna jamstellinga mellom dei to **språka**.

**Så svaret på spørsmålet «Korleis vi det gå med nynorsken?» er enkelt: Det vil gå dårleg. Vi vil tape. Det kan vi ikkje akseptere.**

## Partia og sidemålet

av Magne Aasbrenn

Dette føredraget blei halde med støtte i ein PowerPoint-presentasjon som viste hovudpunkta i stortingsprogramma til partia før valet 2018. «Manuskriptet» som ligg føre her, inneheld punkta frå presentasjonen og dei viktigaste av kommentarane mine.

Landsmøtet i Noregs Mållag i april 2016 hadde klare fråsegner om sidemålet i skolen: Vi krev at elevane som går ut or den vidaregåande skolen tredje året, vert prøvde i to obligatoriske prøvar i norsk. Den eine prøven skal vera i nynorsk, og den andre prøven skal vera i bokmål. Landsmøtet i Noregs Mållag krev difor at den vidaregåande skolen får tilbake den gamle ordninga med to jamstelte og likeverdige norskeksamemar – på to ulike dagar – det året elevane går ut or den vidaregåande skolen.

Før eg går gjennom dei ulike partiprogramma slik dei «står og går» i prosessen akkurat nå, er det kanskje lurt å repetere korleis sidemålsordninga blir praktisert i vidaregåande i dag. Det er slik at:

- Elevane skal ha halvårsvurdering i hovudmål, sidemål og munnleg gjennom tre år på vidaregåande
- Alle må opp til hovudmålsksamem i norsk
- Om lag 30 % (?) blir trekt ut til skriftleg sidemålsksamem

På ulike skolar er det nå eit prøveprosjekt med redusert tal på undervegskarakterar i norsk. Dette prosjektet skal avsluttast og evaluerast i 2018.

Så er tida inne for å gå gjennom stoda for sidemålet i dei ulike partiprogram-utkasta slik dei ligg føre nå i første halvdel av desember 2016. Eg presenterer lister punktvis i direkte sitat frå programforslaga (alle er på bokmål), med ein liten kommentar for kvart parti:

#### **Raudt:**

- Å opprettholde obligatorisk undervisning i sidemål, og styrke denne gjennom positive sidemålsforsøk.
- Sikring av retten til å opprette parallelklasser med annet opplæringsmål enn det som er vedtatt for skolene.
- At sidemålspedagogikk og holdninger til nynorsk blir en del av lærerutdanninga.

Når det gjeldt Raudt, har eg ikkje vore i stand til å finne noko program for 2018 som ligg ute på nett, så desse punkta er frå arbeidsprogrammet deira i 2014.

#### **Sosialistisk Venstreparti:**

- Sikre begge målformer.
- Det er en berikelse for Norge å ha to målformer

Eit mindretal på 3 i programkomiteen til SV gjekk inn for å ha forsøk med å fjerne eksamen i skriftleg sidemål. Da programframlegget blei lagt fram i juni 2016, var mindretal/fleirtal bytte om slik at det såg ut som om SV gjekk inn for denne fjerninga. Dette blei heldigvis snart retta på av Snorre Valen.

#### **Arbeidarpartiet:**

Arbeidarpartiet hadde ingenting om sidemål i førre stortingsprogram, og framlegget til det neste er ikkje varsla før i februar 2017. Tysdag 29. november hadde dagleg leiar i Mållaget, Gro Morken Endresen, og eg eit møte på Stortinget med den daglege leiaren for programarbeidet, Hadia Tajik. Ho sa at det ikkje var nokre vesentlege endringar på gang når det gjaldt språkpolitikken til Arbeidarpartiet.

#### **Senterpartiet:**

- På ungdomstrinnet og i den videregående skolen skal det være obligatorisk opplæring i begge målformer med karakter/eksamen i både nynorsk og bokmål.
- Delt om Oddamodellen:

*Alternativ A: I språkblendede områder må kommunene kunne søke om å få skjønnsmidler til språkdelte parallelklasser.*

*Alternativ B: Senterpartiet vil endre opplæringsloven slik at også ungdomsskoleelever får rett til å tilhøre egen målformklasse og få undervisning i alle fag på sitt eget hovedmål.*

I innstillinga til program frå Senterpartiet er det altså eit delt syn på Odda-modellen. Alternativ B er det vi i Mållaget går inn for, men sett med politikarauge blir det jo òg sjølvsagt det dyraste.

#### **Dei Grøne:**

- Likestilling mellom nynorsk og bokmål må realiseres
- Sidemålsopplæringen starter allerede i barneskolen
- Videreføre ordningen med tre karakterer i norsk.

Det er ei positiv haldning til sidemålet hos dette partiet. Ein kuriositet er det at da partia som ikkje er i regjering tok initiativ til Oddamodellen på Stortinget før sommaren 2016, så blei ikkje MDG spurt om å vere med. Vedtaket hausten 2016 om å utgreie modellen var samrøystes i Stortinget.

#### **Venstre:**

- Åpner for at det ikke lenger skal være atskilte standpunktkarakterer i norsk muntlig, hovedmål og sidemål i videregående skole.
- For å sikre sidemålet under en slik ordning, vurderer partiet obligatorisk eksamen i sidemål etter Vg2.

Noregs Mållags syn følgjer jo landsmøtefråsegna. Vi ser mange pedagogiske og praktiske ulemper ved å stoppe sidemålsundervisninga etter Vg2. Korleis skal dette til dømes løysast i klassa der nokre har nynorsk som hovudmål og andre bokmål som hovudmål? (Etter Flesland-møtet har Venstre komme med eit programforslag som er noko betre.)

#### **KrF:**

- Undervisningen i sidemål må fortsette for å sikre at vi har to likestilte målformer også vidare.
- KrF mener elevene må introduseres for sidemål tidligere i skoleløpet enn det som er tilfelle i dag.

- KrF vil drøfte undervisningsform og alternative vurderingsformer for å styrke sidemål og sikre to likestilte målformer.

I det førre programframlegget hadde KrF ein passus med som gjekk ut på at elevar med spesielle utfordringar skulle kunne bli fritakne for sidemål, men blant anna etter lobbyverksemd frå Noregs Mållag er denne passusen strøken i det nye framlegget.

#### **Høgre:**

- Bruke tekster på både nynorsk og bokmål gjennom hele skoleløpet. Avvikle ordningen med egen karakter og eksamen i sidemål på ungdomsskolen og i vidaregåande opplæring.

Høgres framlegg er djupt problematisk. Eit problem som bør nemnast, er at om elevar skal gå ut av vidaregåande utan sidemålskarakter, vil ikkje elevar t.d. i Sogn og Fjordane få noko vitnemål på dugleiken deira i bokmål.

#### **Framstegspartiet:**

- sidemålsundervisning og eksamen i sidemål skal være valgfritt i ungdomsskolen
- sidemålsundervisning og eksamen i sidemål skal være valgfritt i vidaregåande skole

Det står igjen å sjå kor mykje hjelp FrP får av denne gamle valkamp-slageren i neste Stortingsval. Når ein samanliknar FrP og Høgre, er det likevel slik at FrPs framlegg i alle fall gjer det mogleg for elevar å få vitnemål som viser at dei kan både bokmål og nynorsk.

Til slutt i føredraget nemnde eg evalueringsforsøket som går på éin karakter i vgs. Den andre delrapporten var nett klar da vi hadde møtet. I media har rapport II blitt framstilt som at han konkluderer med at éin karakter fremmar nynorsklæringa, men mi gjennomlesing av rapporten fortel meg at den tolkinga er strekt ganske langt i den retninga éin-karakter-tilhengarane ønsker seg.